

FORSKRIFT FOR SLAMTØMMING

Med heimel i lov av 13.mars 1981 nr. 6 om «vern mot forurensninger og om avfall» (Forureningslova) § 26, 3. ledd, § 30 2. og 3. ledd og § 34, er det innført tvungen tømning av slamavskiljarar, tette slamtankar m.m. i følgjande kommunar: Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.

Kapitteloversikt:

Kapittel 1: Heimel og geografisk verkeområde	1
Kapittel 2. Generelle avgjerder	2
Kapittel 3. Tømning	4
Kapittel 4. Gebyr.....	5
Kapittel 5. Avsluttande føresegner.....	5

Kapittel 1: Heimel og geografisk verkeområde

Namn på kommune	Dato
Alver kommune	01.01.2021
Austrheim kommune	01.01.2021
Fedje kommune	01.01.2021
Gulen kommune	01.01.2021
Masfjorden kommune	01.01.2021
Modalen kommune	01.01.2021
Solund kommune	01.01.2021

Forskrifta tek til å gjelda så snart ho er vedteke av kommunestyret i den enkelte kommune. Frå same tidspunkt vert tidlegare forskrift sett ut av kraft.

Kapittel 2. Generelle avgjerder

§ 1 FØREMÅL

Føremålet med denne forskrifta er å sikra forsvarleg miljøkvalitet ved eit avløpsanlegg, slik at forureining ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og sjølvfornyning.

§ 2 VIRKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld tømning, transport og handsaming av slam og sanitært avløpsvatn frå slamanlegg.

Forskrifta fastset retningslinjer for slamgebyr. Kommunestyra fastset gebyret sin storleik.

Tenester utover tømning, transport og handsaming av slam vert ikkje omfatta av forskrifta.

Oljeutskiljarar, fettutskiljarar, oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn eller liknande er ikkje sanitært avløpsvatn, og omfattast difor ikkje av forskrifta.

Forskrifta gjeld ikkje for slamanlegg som kommunen i medhald av § 26 i forureiningslova har kravd utkopla.

§ 3 DEFINISJONER

Gebyr er den summen som abonnenten må betale for å vere med i slamtømmeordninga, og skal dekke kommunen sine kostnader med å utføre tenesta.

Abbonent reknast som eigar av eigedom med slamanlegg som vert omfatta av slamtømmeordninga.

Eigar av avløpsanlegg er den eigedom der anlegget først var etablert for, jamfør forureiningslova §24, første ledd, og som har fått løyve til utslepp i samsvar med forureiningsforskrifta §12-3.

NGIR er Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap, der kommunen er medlem.

Matrikkel-register er eit grunneigedom-, adresse- og bygningsregister oppretta og oppdatert i samsvar med eiga forskrift frå Miljøverndepartementet.

Eigedom som i matrikkel er registrert som bustad, fritidsbustad eller anna bygg som fell under slamtømmeordninga.

Bustad er bygning som i matrikkel er registrert til bustadføremål.

Fritidsbustad er bygning som i matrikkel er registrert til fritidsføremål. Stølshus og campinghytter/utleiehytter kan også definerast som fritidsbustad.

Slamanlegg er anlegg som slamavskiljar, minireinseanlegg og gråvasstank.

Tømmefrekvens er talet på tømningar av slamanlegget innanfor et gitt tidsrom.


Ekstratømming er tømning av anlegg utover fastsett tømmefrekvens.

Naudtømming er tømning av slamanlegg for t.d. å hindre forureining grunna lekkasje eller liknande.


Fellesanlegg er anlegg med to eller fleire abonnentar tilknytt.

Køyrbar privat veg er ein veg der slamtømmebilen kan komme fram, stoppe for å tømme slamanlegg og snu eller rygge på forsvarleg måte. Der det er nødvendig å køyre på privat veg for å hente inn slam, er det abonnenten som skal sjå til at vegen og snuplassen er brøyta og om nødvendig strødd. Der abonnenten ikkje er eigar av den private vegen, må han sjølv syte for å ha dei nødvendige rettane for bruk av privat veg til tømning av slam. Kontraktør har ikkje ansvar for eventuelle skadar på private vegar og snuplassar som blir nytta ved tømning. For at nye private vegar som blir tatt i bruk til tømning av slam i NGIR-området skal kunne reknast som «køyrbar privat veg» og nyttast til regelmessig tømning av slam, skal som eit minimum desse krava vere oppfylte:

- fast underlag med minst 10 cm grusdekke og tilnærma horisontalt tverrprofil,
- minste breidde (på fast underlag): 3,0 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side,
- minste svingradius: 7,5 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side,
- fri høgde: 4,0 m,
- stigning: maksimalt 1:10,
- kapasitet til å tåla akseltrykk på 10 tonn.



Køyrbar privat veg bør vere slik at bilane ikkje treng å rygge. Er dette ikkje mogleg, skal det vere ein snuplass som har minste breidde i rett strekning på 5 m og lengde 20 m. Minste svingradius 8,5 m. Vegskuldrane på snuplassen skal vere utan hagemurar, stabbestein, buskar o.l. Kantstein som skal passerast, må ikkje vere høgare enn 40 mm.



§ 4 TVUNGEN SLAMTØMMING

Forskrifta gjeld for heile kommunen.

Alle eigedomar med slamanlegg i kommunen som kan tømmast etter krava i § 8 omfattast av slamtømmmeordninga.

Etter skrifteleg søknad kan kommunen frita bestemte eigedomar frå ordninga.

Forskrifta fastset reglar for tømming av alle mindre slamanlegg for sanitært avløpsvatn med kapasitet på opptil 50 PE.

Forskrifta gjeld ikkje for slamavskiljarar som kommunen i medhald av § 26 i Forureiningslova har kravd utkopla.

Kapittel 3. Tømming

§ 5 TØMMING AV SLAMANLEGG

Slamavskiljarar som er tilknytt bustad skal tømmast heilt for slam ikkje sjeldnare enn kvart 2. år, og for fritidsbustad ikkje sjeldnare enn kvart 4. år.

Minireinseanlegg skal tømmast kvart år. Eigar av anlegget er ansvarleg for å melde inn trong for ekstratømming og gjennomføre tømming i samsvar med leverandøren sine retningslinjer. Viss det er trong for hyppigare tømming enn ein gong kvart år, må dette belastast abonnent (jf. §6).

I særlege tilhøve kan kommunen fastsetje anna tømmeintervall.

§ 6 EKSTRATØMMING OG NAUDTØMMING

Tømming som fell utanom tidspunktet for den faste kommunale tømminga, fastsett i § 7, vert rekna som ekstratømming. Naudtømming er pålagt tømming ved til dømes lekkasje på slamanlegg eller ved fare for anna akutt forureining.

§ 7 ABONNENTEN SINE PLIKTER I SAMBAND MED TØMMING

Abonnenten skal syte for at slamanlegga som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømming. Tilkomstvegen skal vere i samsvar med spesifikasjonar under §3 «Køyrbar privat veg». Eventuell overdekking av kumlukk med snø, is, jord eller liknande, skal fjernast av abonnenten før tømming skjer.

Vedkommande som tømmer skal gjevast rett til å plassere naudsynt utstyr på abonnenten sin eigedom for å få utført tømminga, samt å nytta tilkomstvegen.

Abonnenten skal kontrollere at tanken er forsvarleg lukka eller låst etter at tømming er utført.

Ved behov må abonnenten bestilla ekstratømming/naudtømming.

§ 8 KOMMUNEN SINE PLIKTER

Kommunen eller den kommunen gjev løyve til, skal syte for tømming av slamanlegg som desse føresegnene gjeld for, men med følgjande unntak:

- Veglause grender og øyer og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett.
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 m frå køyrbar bilveg.

- Eigedomar der tømme tanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Dette unntaket gjeld likevel ikkje dei som tidlegare har hatt kommunal tømning av slamanlegg som ligg med mellom 8 og 25 meter høgdeskilnad til veg. Gebyret vert på same vilkår for desse abonnentane som for dei som har løftehøgde opptil 8 meter.

Varsel om tømning skal gjevast ved melding direkte til abonnenten minst ei veke før tømning skjer.

Tømninga skal utførast slik at det ikkje vert unødig støy, lukt eller ureining. Ved tømninga skal alt slam takast ut. Evt. tilbakeføring av avslamma vatn skal utførast utan at slamanlegg blir skadelidande.

Slamanlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, portar og dører skal lukkast, evt. låsast.

Kommunen skal etter melding frå abonnent utføra ekstratømning. Abonnent, eigar eller forureiningsmyndigheit kan og krevje naudtømning dersom det er fare for forureining frå anlegget.

Kapittel 4. Gebyr

§ 9 GEBYR

Alle som vert omfatta av ordninga, inkludert dei tilknytt private fellesanlegg, plikter å betale eit årleg gebyr fastsett av kommunen etter Forureiningslova sin § 34. Gebyret dekkjer ordinær tømning. Kostnadar ved ekstratømning/naudtømning kjem i tillegg til ordinært gebyr, og skal belastast abonnent.

§ 10 GEBYRFRITAK

Etter søknad kan kommunen i særskilde saker gje fritak for slamgebyr og frita einsskilde eigedomar frå ordninga. Ein kan gje fritak på inntil eit år. Slamanlegg må tømmast for slam før fritaket vert innvilga. Fritak frå gebyret vil verta vurdert etter kommunen sine retningslinjer.

Ved søknad om gebyrfritak, der slamanlegg ikkje skal nyttast i fritaksperioden, skal stoppekran for vassforsyning plomberast. Kommunen kan setje krav til dokumentasjon.

Kapittel 5. Avsluttande føresegner

§ 11 KLAGER

Enkeltvedtak fatta i medhald av denne forskrifta kan klagast inn for kommunen sitt klageorgan i samsvar med forureiningslova §85 og forvaltningslova §28, andre avsnitt. Klage skal sendast til organet som har fatta vedtaket.

§ 12 BROTT PÅ FORSKRIFTA

Ved brott på forskrifta gjeld kapittel 10 i Forureiningslova (særskilt § 79, 2. ledd).

§ 13 ENDRINGAR I FORSKRIFTA

Eventuelle endringar skal, etter uttale frå NGIR, godkjennast av dei einsskilde kommunestyra.

§ 14 IKRAFTTREDNING

Denne forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2021.